


Rekneskapsrapport pr. mars 2014


1 Hovudtal

MN-fakultetet har eit kostnadsbudsjett på totalt 911 millionar kroner i 2014. 65,5 % av denne aktiviteten skal finansierast frå grunnbevilgninga, medan 34,5 % er bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (20,3 % forskingsrådet, 11,0 % annan bidragsaktivitet, 2,7 % EU og 0,4 % oppdragsaktivitet).

Figur 1 Årsbudsjett pr. finansieringskjelde



Figur 2 Aktivitet (kostnader) pr. mars



Figur 2 viser korleis aktiviteten (kostnadane) fordeler seg mellom dei ulike finansieringskjeldene pr. mars 2014. 69,8 % av aktiviteten er finansiert av grunnbevilgninga, 19,3 % er finansiert av forskingsrådet, 8,0 % frå andre bidragsytarar, 2,7 % frå EU og 0,4 % frå oppdragsytarar.

2 Grunnbevilgning (GB)

Grunnbevilgninga er den aktiviteten som er finansiert av departementet sitt statstilskot, òg kalla statsoppdraget. Grunnbevilgninga er delt i annuumsmidlar som kan disponerast fritt og midlar til øyremerka tiltak som er tildelt spesielle føremål (t.d. universitetsstipendiatar og utstyr). I tillegg vert inntekter som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter, refusjonar og liknande) ført her.

Grunnbevilgninga vert i denne rapporten delt i motpart 00 og motpart 81, og synleggjort i to tabellar;

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane til fakultetet rekneskapsført.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her kan vi følgje med på om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

Tabell 1 Grunnbevilgning, motpart 00

Grunnbevilgning	Prognose 2014	Årsbudsjett 2014	Budsjett pr mars 2014	Rekneskap pr mars 2014	Avvik pr mars 2014	Avvik %	Rekneskap pr mars 2013	Endring frå mars 2013
Inntekter frå KD		-555 036 000	-155 775 500	-159 778 483	4 002 983	2,6 %	-149 748 508	6,7 %
Andre inntekter		-14 000 000	-969 100	-3 934 225	2 965 125	306,0 %	-1 386 360	183,8 %
Inntekter		-569 036 000	-156 744 600	-163 712 708	6 968 108	4,4 %	-151 134 868	8,3 %
Investeringar		16 209 600	2 520 700	3 580 037	-1 059 337	-42,0 %	1 529 255	134,1 %
Lønskostnader		437 028 800	114 662 600	114 257 512	405 088	0,4 %	109 488 932	4,4 %
Andre driftskostnader		117 391 994	17 747 600	11 143 964	6 603 636	37,2 %	8 602 474	29,5 %
Internhandel med meir		31 579 700	20 189 700	22 523 879	-2 334 179	-11,6 %	22 159 802	1,6 %
Kostnader		602 210 094	155 120 600	151 505 392	3 615 208	2,3 %	141 780 463	6,9 %
Driftsresultat		33 174 094	-1 624 000	-12 207 316	10 583 316		-9 354 405	
Saldo overført frå forrige år		-28 174 094	-28 174 094	-28 174 094	0		-21 749 130	
Saldo overført til neste periode	-5 000 000	-5 000 000	29 798 094	40 381 410	-10 583 316		31 103 535	
Sum total		0	0	0	0		0	

Detaljar rundt grunnbevilgninga, motpart 00**Inntektsavvik: kr 6 968 108 (4,4 %)**

På inntektene frå Kunnskapsdepartementet (KD) er det totalt eit positivt avvik på ca. 4,0 millionar kroner. Dette skuldast i stor grad periodeavvik mellom budsjett og rekneskap på ERC-prosjektstøtte ved Institutt for fysikk og teknologi på ca. 1,5 millionar kroner. Vidare er det positive avvik i inntektene på både stipendiat- og postdoktorprosjektet. Vi har altså per mars ingen reduksjon i inntektene pga. lediggang på desse prosjekta, som har vore eit problem for fakultetet i tidlegare år.

På andre instituttinntekter er det eit positivt avvik på ca. 3,0 millionar kroner, som i stor grad skuldast høgare inntekter enn budsjettert per mars ved CBU (i overkant av 1 million kroner) og Institutt for fysikk og teknologi (ca. 640 000 kroner).

Kostnadsavvik: kr 3 615 208 (2,3 %)

Totalt er det eit kostnadsavvik på ca. 3,6 millionar kroner. Kostnadsavviket finn vi i stor grad ved Institutt for fysikk og teknologi (ca. 4,4 millionar kroner), og det skuldast hovudsakeleg feil periodisering av andre driftskostnader i budsjettet. På Senter for klimadynamikk (SKD) er det eit kostnadsavvik på ca. 4,2 millionar kroner, mykje på grunn av at det er budsjettert med tilbakebetaling av ombyggingskostnader på 2 millionar kroner til fakultetet i mars, som ikkje vil bli rekneskapsført før i april. Avviket på SKD skuldast også at andre driftskostnader per mars har vore ca. 2,2 millionar kroner lågare enn budsjettert.

I høve til same periode i fjor er dei totale kostnadane auka med 6,9 %, medan lønskostnadane har auka med 4,4 %.

Som det går fram av tabell 1 har fakultetet ein prognose for overføring til 2015 på 5 millionar kroner i underskot.

Inntektene til Senter for klimadynamikk vert stilt til disposisjon på ein sentral stadkode (191000), samtidig som alle detaljane i SKD sitt rekneskap vert ført på ein stadkode som ligg under fakultetet (129000). Kvar tertial vert kostnadane som er ført under fakultetet overført til den sentrale stadkoden, slik at evt. over- eller underforbruk ikkje vert synleg i fakultetet sitt rekneskap.

2.1 Avskrivningar og investeringar (motpart 81)

Avskrivningane er det rekneskapsmessige verdifallet på UiB sine eigedelar. Over tid bør UiB som eit minimum oppretthalde verdien på utstyrsparken.

Tabell 2 Avskrivningar og investeringar, motpart 81

Grunnbevilgning, motpart 81	Årsbudsjett 2014	Budsjett pr mars 2014	Rekneskap pr mars 2014	Avvik pr mars 2014	Avvik %	Rekneskap pr mars 2013	Endring frå mars 2014
Inntekt satt av for årets investeringar	28 332 000	2 520 700	3 580 037	-1 059 337	-42,0 %	1 529 255	134,1 %
Inntekt for årets avskrivningar	-36 332 000	-9 150 900	-8 874 890	-276 010	-3,0 %	-9 910 230	-10,4 %
Inntekter motpart 81	-8 000 000	-6 630 200	-5 294 853	-1 335 347	-20,1 %	-8 380 975	-36,8 %
Investeringar, varekostnadar	-16 209 600	-2 520 700	-3 580 037	1 059 337	42,0 %	-1 529 255	134,1 %
Avskrivningar	36 332 000	9 150 900	8 874 890	276 010	3,0 %	9 910 230	-10,4 %
Investeringar ved BOA, overført til GB	-12 122 400	0	0	0		0	
Kostnadar motpart 81	8 000 000	6 630 200	5 294 853	1 335 347	20,1 %	8 380 975	-36,8 %
Resultat	0	0	0	0		0	


Føringar på motpart 81 viser fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar. For at fakultetet skal kunne oppretthalde verdien på utstyrsparken må investeringane vere på same nivå som, eller høgare enn, avskrivningane.

I tabell 2 ser ein at investeringane pr. mars 2014 har vore på ca. 3,6 millionar kroner, medan avskrivningane har vore ca. 8,9 millionar kroner.

3 Bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA)


I tillegg til inntekter frå grunnbevilgninga utgjer inntekter frå eksterne bidrags- og oppdragsytarar ein viktig del av fakultetet si samla omsetning. Denne verksemda er delt i aktivitetar finansiert av Noregs forskingsråd, EU, andre og oppdrag.

Figur 3 BOA per mars etter finansieringskjelde for perioden 2009-2014



Figur 3 viser utviklinga i bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mars for perioden 2009-2014. Som figuren viser var aktiviteten per mars 2013 redusert i forhold til føregåande år, for fyrste gang i perioden. Per mars 2014 er aktiviteten samla sett endå litt lågare enn på same tid i fjor. NFR-bidragsaktivitet, EU-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har alle vore høgare enn på same tid i fjor, medan annan bidragsaktivitet har vore tydeleg lågare.

Figur 4 BOA per institutt etter finansieringskjelde per mars 2014



Figur 4 viser bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet per mars 2014 fordelt per institutt. Figuren viser at det per mars har vore størst samla aktivitet ved Institutt for geovitenskap. NFR-bidragsaktivitet og oppdragsaktivitet har vore størst ved Institutt for biologi, annan bidragsaktivitet har vore klart størst ved Institutt for geovitenskap, og EU-bidragsaktivitet har vore størst ved Geofysisk institutt.

3.1 Noregs forskingsråd

Denne aktiviteten omfattar prosjekt som er finansiert av Noregs forskingsråd, og der aktiviteten føregår ved Universitetet i Bergen. Den omfattar ikkje aktivitet som føregår ved andre institusjonar (t.d. Universitetet i Oslo eller UNI Research AS).

Tabell 3 Aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd

BOA	Inntektsprognose 2014	Årsbudsjett 2014	Budsjett pr mars 2014	Rekneskap pr mars 2014	Avvik pr mars 2014	Avvik %	Rekneskap pr mars 2013	Endring frå mars 2013
Noregs forskingsråd								
Tilskudd fra NFR		-192 005 200	-17 427 600	-52 623 416	35 195 816	202,0 %	-61 614 225	-14,6 %
Saldo NFR overført fra forrige år		-28 566 700	-28 566 700	-28 566 700	0	0,0 %	-1 864 846	1431,9 %
Saldo NFR overført til neste periode		35 571 900	1 845 100	39 366 491	-37 521 391	2033,6 %	24 935 376	57,9 %
Inntekter	-235 000 000	-185 000 000	-44 149 200	-41 823 625	-2 325 575	-5,3 %	-38 543 694	8,5 %
Investeringar		0	0	0	0		117 833	-100,0 %
Lønskostnader		81 495 100	20 822 700	22 150 217	-1 327 517	-6,4 %	18 097 245	22,4 %
Andre driftskostnader		54 321 500	12 902 800	8 070 694	4 832 106	37,5 %	9 625 276	-16,2 %
Internhandel med meir		49 183 400	10 423 700	11 602 714	-1 179 014	-11,3 %	10 703 341	8,4 %
Kostnader		185 000 000	44 149 200	41 823 625	2 325 575	5,3 %	38 543 694	8,5 %
Driftsresultat			0	0	0		0	

Detaljar rundt aktivitet finansiert av Noregs forskingsråd

Frå 2013 vart det innført nye reglar for rekneskapsføring av midlar frå Norges forskingsråd. Medan inntektene tidlegare var lik innbetalingar frå forskingsrådet, skal rekneskapsførte inntekter frå 2013 vere lik aktivitet. Inntektene frå forskingsrådet vert då rekneskapsført på same måte som EU, andre bidrag og oppdrag, dvs. tildelingane vert inntektsført først når aktiviteten skjer, og det vil difor vere ei tidsforskyvning mellom tildeling og inntekt.

Innbetalingane frå forskingsrådet har per mars vore ca. 52,6 millionar kroner. Dette er tydeleg høgare enn budsjettet per mars, men 14,6 % lågare enn på same tid i fjor.

NFR-bidragsaktivitet har per mars for fakultetet sett under eitt vore ca. 2,3 millionar kroner lågare enn budsjettet. Dette utgjer 5,3 % av budsjettet aktivitet per mars og er altså eit relativt lågt avvik. Ved geofysisk institutt har aktiviteten vore nesten 3,4 millionar kroner lågare enn budsjettet, hovudsakeleg på grunn av forseinkingar på utstyrsprosjektet OBLO.

Aktiviteten per mars har vore noko høgare enn same periode i fjor (8,5 %).

Fakultetets prognose for forskingsrådsaktivitet er på 235 millionar kroner i 2014. Dette er tydeleg høgare enn både budsjettert aktivitet og aktivitet i 2013. Grunnen er tilslag på forskingsinfrastruktur som vart klart seint i 2013.

3.2 EU

Omfattar prosjekt som er finansiert av EU.

Tabell 4 Aktivitet som er finansiert av EU

BOA EU	Inntektsprognose 2014	Årsbudsjett 2014	Budsjett pr mars 2014	Rekneskap pr mars 2014	Avvik pr mars 2014	Avvik %	Rekneskap pr mars 2013	Endring frå mars 2013
Tilskudd fra EU		-10 265 700	-3 404 400	-458 081	-2 946 319	-86,5 %	-6 103 789	-92,5 %
Saldo EU overført fra forrige år		-37 276 100	-37 276 100	-37 276 077	-23	0,0 %	-10 793 460	245,4 %
Saldo EU overført til neste periode		22 541 800	32 688 500	31 946 438	742 062	-2,3 %	11 537 610	176,9 %
Inntekter	-29 000 000	-25 000 000	-7 992 000	-5 787 721	-2 204 279	-27,6 %	-5 359 639	8,0 %
Investeringar		0	0	0	0		0	
Lønskostnader		14 553 800	4 132 100	3 919 254	212 846	5,2 %	3 003 532	30,5 %
Andre driftskostnader		1 694 900	1 180 600	632 734	547 866	46,4 %	730 035	-13,3 %
Internhandel med meir		8 751 300	2 679 300	1 235 733	1 443 567	53,9 %	1 626 072	-24,0 %
Kostnader		25 000 000	7 992 000	5 787 721	2 204 279	27,6 %	5 359 639	8,0 %
Driftsresultat		0	0	0	0		0	

Detaljar rundt aktivitet finansiert av EU

EU-aktiviteten pr. mars har vore ca. 5,8 millionar kroner. Det er ca. 2,2 millionar kroner lågare enn budsjettert, men 8,0 % høgare enn på same tid i fjor. Det er hovudsakeleg ved Institutt for biologi at aktiviteten har vore lågare enn budsjettert. Avviket ved BIO skuldast mellom anna forseinka oppstart på to EU-prosjekt.

Med unntak av Matematisk institutt har alle institutta budsjettert med EU-aktivitet i 2014.

Innbetalingane frå EU vart kraftig redusert frå 2011 til 2012, men i 2013 hadde fakultetet igjen ein kraftig auke i innbetalingane. Per mars 2014 er innbetalingane frå EU på berre ca. 458 000 kroner. Det er ca. 2,9 millionar kroner lågare enn budsjettert og avviket finn vi hovudsakeleg ved Institutt for informatikk.

Fakultetet har dei siste åra lukkast med å auke EU-aktiviteten. Tilbakemeldingane frå institutta tilseier at aktiviteten vert høgare enn budsjettert, og fakultetet sin prognose for EU-bidragsaktivitet er derfor på 29 millionar kroner i 2014.

3.3 Annan bidragsaktivitet

Alle eksterne bidragsprosjekt som ikkje er finansiert av Noregs forskingsråd eller EU.

Tabell 5 Annan bidragsaktivitet

BOA	Inntektsprognose 2014	Årsbudsjett 2014	Budsjett pr mars 2014	Rekneskap pr mars 2014	Avvik pr mars 2014	Avvik %	Rekneskap pr mars 2013	Endring frå mars 2013
Andre bidrag								
Diverse bidragsinntekter		-80 135 200	-7 253 000	-8 378 266	1 125 266	15,5 %	-7 950 512	5,4 %
Saldo overført fra forrige år		-50 121 600	-50 121 600	-50 121 540	-60	0,0 %	-19 868 686	152,3 %
Saldo overført til neste periode		30 256 800	37 773 200	41 209 992	-3 436 792	9,1 %	3 635 372	1033,6 %
Inntekter	-100 000 000	-100 000 000	-19 601 400	-17 289 814	-2 311 586	-11,8 %	-24 183 826	-28,5 %
Investeringar		0	0	0	0		0	
Lønskostnader		35 929 300	9 104 300	8 431 324	672 976	7,4 %	8 811 747	-4,3 %
Andre driftskostnader		44 245 000	6 175 100	5 661 308	513 792	8,3 %	11 127 884	-49,1 %
Internhandel med meir		19 825 700	4 322 000	3 197 182	1 124 818	26,0 %	4 244 195	-24,7 %
Kostnader		100 000 000	19 601 400	17 289 814	2 311 586	11,8 %	24 183 826	-28,5 %
Driftsresultat			0	0	0	0	0	

Detaljar rundt annan bidragsaktivitet

Annan bidragsaktivitet har per mars vore ca. 2,3 millionar kroner lågare enn budsjettert. Det skuldast hovudsakeleg at aktiviteten på ASIM-prosjektet ved Institutt for fysikk og teknologi har vore lågare enn budsjettert.

I høve til same periode i fjor er annan bidragsaktivitet redusert med 28,5 %.

Per mars har fakultetet fått innbetalingar frå andre bidragsytarar på ca. 8,4 millionar kroner. Dette er ca. 1,1 millionar kroner meir enn budsjettert, og 5,4 % meir enn på same tid i fjor.

Både budsjett og prognose for annan bidragsaktivitet i 2014 er på 100 millionar kroner.

3.4 Oppdragsaktivitet

Tabell 6 Oppdragsaktivitet

BOA	Inntektsprognose 2014	Årsbudsjett 2014	Budsjett pr mars 2014	Rekneskap pr mars 2014	Avvik pr mars 2014	Avvik %	Rekneskap pr mars 2013	Endring frå mars 2013
Oppdragsprosjekt								
Diverse oppdragsinntekter		-2 898 100	-249 900	-11 999	-237 901	-95,2 %	19 794	-160,6 %
Saldo overført fra forrige år		-4 363 600	-4 363 600	-4 363 550	-50	0,0 %	-3 564 491	22,4 %
Saldo overført til neste periode		3 261 700	3 454 900	3 570 243	-115 343	3,3 %	3 521 383	1,4 %
Inntekter	-6 000 000	-4 000 000	-1 158 600	-805 306	-353 294	-30,5 %	-23 315	3354,1 %
Investeringar		0	0	0	0		45 000	-100,0 %
Lønskostnader		594 000	181 000	188 369	-7 369	-4,1 %	217 370	-13,3 %
Andre driftskostnader		3 170 000	905 600	536 603	368 997	40,7 %	-527 591	-201,7 %
Internhandel med meir		236 000	72 000	80 335	-8 335	-11,6 %	288 535	-72,2 %
Kostnader		4 000 000	1 158 600	805 306	353 294	30,5 %	23 315	3354,1 %
Driftsresultat			0	0	0	0	0	

Detaljar rundt oppdragsaktiviteten

Oppdragsaktiviteten ved fakultetet er låg, og pr. mars har det vore oppdragsaktivitet på ca. 805 000 kroner. Dette er ca. 353 000 kroner lågare enn budsjettert, og avviket skuldast i stor grad lågare aktivitet enn budsjettert ved Geofysisk institutt (ca. 253 000 kroner) pga. at nødvendig utstyr har vore øydelagt. Det er også lågare aktivitet enn budsjettert ved Institutt for biologi (ca. 186 000 kroner) pga. justeringar mellom oppdrags- og bidragsaktivitet ved Lakselussenteret.

Fakultetet sin prognose for oppdragsaktivitet i 2014 er 6 millionar kroner, som er høgare enn budsjettet.

4 Kommentar frå fakultetsdirektøren

Fakultetet opererer framleis med ei prognose for overføring til 2015 på 5 millionar kroner i underskot. Dette til tross for at fakultetet overførte nesten 28,2 millionar kroner frå 2013 til 2014. Overføringane frå 2013 er i stor grad knytt til forplikingar i 2014, og saman med tydelig redusert resultatutteljing knytt til forskning, samt rammekutt på 1,9 % i 2014, gjer det at fakultetet valde å budsjettere med eit reelt underskot i 2014 på ca. 12,2 millionar kroner. Formålet var å spreie effekten av resultatnedgangen over fleire år. Fakultetsleiinga vurderte dette som forsvarleg då det ventast tydeleg auke knytt til EU-indikatoren i resultatinntektene i 2015, etter at EU-innbetalingane auka frå ca. 11 millionar kroner i 2012 til ca. 50 millionar kroner i 2013.

Det stramme budsjettet krev god budsjettkontroll på alle nivå gjennom hele året. Det er derfor viktig å halde fram med arbeidet med å betre prognosane ved fakultetet i 2014, slik at budsjettet blir eit godt styringsreiskap.

Det er enno tidleg på året og derfor vanskeleg å dra store konklusjonar ut frå rekneskapet. Fakultetet held fast på prognosane per februar og ventar at annan bidragsaktivitet vert som budsjettert, medan EU-bidragsaktivitet, oppdragsaktivitet, og spesielt NFR-bidragsaktivitet vert høgare enn budsjettert. Budsjettet for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet i 2014 er på 314 millionar kroner, medan prognosen for eksternfinansiert aktivitet i 2014 per mars er på 370 millionar kroner.

Prognosen for BOA er tydeleg høgare enn eksternfinansiert aktivitet i 2013, men mykje av auken skuldast forventta utstyrsinnkjøp, som har kortvarig effekt på eksternfinansiert aktivitet. Det er viktig å halde fram arbeidet med å auke inntektene frå BOA.

Bergen, 30.4.2014

Bjørn Åge Tømmerås
fakultetsdirektør

Vedlegg: Budsjett og rekneskap pr. mars 2014 pr. institutt

Grunnbevilgning, budsjett og rekneskap pr. mars 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Budsjett per mars	Rekneskap per mars	Avvik per mars
MN-felles	3 inntekter	-53 362 300	-25 732 300	-27 548 591	1 816 291
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	6 590 800	1 287 300	1 317 442	-30 142
	6-7 adk.	38 067 094	1 788 400	1 151 395	637 005
	8-9 annet	20 960 600	8 378 200	9 689 882	-1 311 682
	890 overf.	-12 256 194	22 541 900	33 125 216	-10 583 316
Totalt MN-felles		0	8 263 500	17 735 344	-9 471 844
Fakultetsadministrasjon	3 inntekter	-20 052 400	-5 116 700	-5 101 812	-14 888
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	16 444 000	4 430 000	4 473 975	-43 975
	6-7 adk.	1 597 400	321 900	425 285	-103 385
	8-9 annet	2 011 000	390 000	396 738	-6 738
Totalt Fakultetsadministrasjon		0	25 200	194 187	-168 987
Matematisk institutt	3 inntekter	-49 586 200	-12 602 400	-12 464 736	-137 664
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	37 157 100	9 846 000	9 638 869	207 131
	6-7 adk.	7 630 500	2 152 400	1 854 478	297 922
	8-9 annet	4 992 900	1 062 200	1 023 198	39 002
	890 overf.	-194 300	-194 300	-194 300	0
Totalt Matematisk institutt		0	263 900	-142 490	406 390
Institutt for informatikk	3 inntekter	-61 268 400	-18 059 500	-18 752 710	693 210
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	48 719 500	12 931 600	12 083 377	848 223
	6-7 adk.	18 759 100	2 619 300	2 386 867	232 433
	8-9 annet	1 001 400	-728 400	533 502	-1 261 902
	890 overf.	-7 211 600	-7 211 600	-7 211 600	0
Totalt Institutt for informatikk		0	-10 448 600	-10 960 565	511 965
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-68 821 500	-18 447 600	-21 088 064	2 640 464
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	51 787 500	13 709 100	14 103 233	-394 133
	6-7 adk.	16 143 100	8 284 900	2 287 029	5 997 871
	8-9 annet	4 229 000	231 300	1 283 663	-1 052 363
	890 overf.	-3 338 100	-3 338 100	-3 338 100	0
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	439 600	-6 752 238	7 191 838
Kjemisk institutt	3 inntekter	-59 498 800	-15 183 600	-14 403 849	-779 751
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	45 318 500	12 038 700	12 146 804	-108 104
	6-7 adk.	1 729 100	1 514 000	1 785 193	-271 193
	8-9 annet	11 314 700	2 847 000	2 584 846	262 154
	890 overf.	1 136 500	1 136 500	1 136 500	0
Totalt Kjemisk institutt		0	2 352 600	3 249 494	-896 894
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-32 276 700	-8 575 000	-8 706 997	131 997
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	27 542 000	7 126 000	7 028 086	97 914
	6-7 adk.	3 272 600	1 336 000	1 126 781	209 219
	8-9 annet	3 325 000	1 503 000	1 944 276	-441 276
	890 overf.	-1 862 900	-1 862 900	-1 862 900	0
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	-472 900	-470 753	-2 147
Geofysisk institutt	3 inntekter	-41 239 500	-10 387 100	-10 667 920	280 820
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	32 775 000	8 424 100	8 502 157	-78 057
	6-7 adk.	11 443 600	-378 200	1 869 816	-2 248 016
	8-9 annet	5 382 600	2 251 200	364 691	1 886 509
	890 overf.	-8 361 700	-8 361 700	-8 361 700	0
Totalt Geofysisk institutt		0	-8 451 700	-8 292 957	-158 743
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-74 892 700	-18 888 200	-19 946 553	1 058 353
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	63 500 000	16 737 000	16 621 821	115 179
	6-7 adk.	9 937 600	2 401 400	3 040 519	-639 119
	8-9 annet	-178 000	1 356 200	1 518 438	-162 238
	890 overf.	1 633 100	1 633 100	1 633 100	0
Totalt Institutt for geovitenskap		0	3 239 500	2 867 325	372 175
Institutt for biologi	3 inntekter	-112 905 400	-29 608 900	-29 646 337	37 437
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	97 395 700	25 467 800	25 554 411	-86 611
	6-7 adk.	11 222 200	3 209 900	3 230 506	-20 606
	8-9 annet	5 474 700	1 599 200	3 159 008	-1 559 808
	890 overf.	-1 187 200	-1 187 200	-1 187 200	0
Totalt Institutt for biologi		0	-519 200	1 110 388	-1 629 588
Senter for geobiologi	3 inntekter	-849 000	-185 500	-201 628	16 128
	5 lønn	1 125 000	295 000	309 932	-14 932
	6-7 adk.	7 661 700	751 500	178 947	572 553
	8-9 annet	-6 253 000	-870 000	97 437	-967 437
	890 overf.	-1 684 700	-1 684 700	-1 684 700	0
Totalt Senter for geobiologi		0	-1 693 700	-1 300 011	-393 689
Senter for klimadynamikk	3 inntekter	-409 100	-118 200	-227 865	109 665
	4 varek.	0	0	0	0
	5 lønn	7 040 700	1 917 000	2 182 943	-265 943
	6-7 adk.	26 137 000	2 897 000	682 040	2 214 960
	8-9 annet	-32 921 600	2 140 400	-86 901	2 227 301
	890 overf.	153 000	153 000	153 000	0
Totalt Senter for klimadynamikk		0	6 989 200	2 703 217	4 285 983
NIFES	3 inntekter	-1 874 000	-469 800	-250 500	-219 300
	5 lønn	1 633 000	453 000	294 460	158 540
	6-7 adk.	123 000	0	0	0
	8-9 annet	118 000	29 400	15 100	14 300
Totalt NIFES		0	12 600	59 060	-46 460
Totalsum		0	0	0	0

Norges forskingsråd, budsjett og rekneskap pr. mars 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Budsjett per mars	Rekneskap per mars	Avvik per mars
MN-felles	3 inntekter	48 651 100	0	0	0
	6-7 adk.	-60 773 500	0	0	0
	8-9 annet	12 122 400	0	0	0
Totalt MN-felles		0	0	0	0
Matematisk institutt	3 inntekter	-11 676 900	-2 978 000	-3 485 997	507 997
	5 lønn	7 205 500	1 917 300	2 022 587	-105 287
	6-7 adk.	1 400 000	274 500	608 964	-334 464
	8-9 annet	3 071 400	786 200	854 446	-68 246
Totalt Matematisk institutt		0	0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	-13 690 400	-3 494 500	-4 108 174	613 674
	5 lønn	5 994 200	1 763 500	2 261 766	-498 266
	6-7 adk.	2 684 000	265 000	454 757	-189 757
	8-9 annet	5 012 200	1 466 000	1 391 652	74 348
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-43 106 000	-11 250 000	-10 499 187	-750 813
	5 lønn	20 289 000	5 400 900	5 659 890	-258 990
	6-7 adk.	14 000 000	3 500 100	2 514 654	985 446
	8-9 annet	8 817 000	2 349 000	2 324 643	24 357
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0	0
Kjemisk institutt	3 inntekter	-10 870 400	-2 658 600	-2 551 015	-107 585
	5 lønn	5 982 400	1 643 000	1 672 607	-29 607
	6-7 adk.	2 185 000	294 100	294 267	-167
	8-9 annet	2 703 000	721 500	584 141	137 359
Totalt Kjemisk institutt		0	0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-2 819 500	-1 119 000	-817 998	-301 002
	5 lønn	3 063 000	685 000	601 061	83 939
	6-7 adk.	830 000	170 000	55 384	114 616
	8-9 annet	-1 073 500	264 000	94 264	169 736
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	-67 288	67 288
Geofysisk institutt	3 inntekter	-39 730 000	-7 848 200	-4 426 957	-3 421 243
	4 verek.	0	0	0	0
	5 lønn	8 021 000	1 709 000	2 122 753	-413 753
	6-7 adk.	28 556 000	5 423 200	1 028 671	4 394 529
	8-9 annet	3 153 000	716 000	1 275 533	-559 533
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-68 000 000	-3 247 000	-3 878 848	631 848
	5 lønn	10 000 000	2 231 000	2 023 819	207 181
	6-7 adk.	54 340 000	200 000	1 035 697	-835 697
	8-9 annet	3 660 000	816 000	819 333	-3 333
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-39 354 900	-10 612 900	-10 993 253	380 353
	5 lønn	19 609 000	5 264 000	5 549 025	-285 025
	6-7 adk.	8 500 000	2 124 900	1 414 023	710 877
	8-9 annet	11 245 900	3 224 000	4 097 493	-873 493
Totalt Institutt for biologi		0	0	67 288	-67 288
Senter for geobiologi	3 inntekter	-4 403 000	-941 000	-1 062 196	121 196
	5 lønn	1 331 000	209 000	236 710	-27 710
	6-7 adk.	2 600 000	651 000	664 277	-13 277
	8-9 annet	472 000	81 000	161 208	-80 208
Totalt Senter for geobiologi		0	0	0	0
Totalsum		0	0	0	0

Andre bidrag, budsjett og rekneskap pr. mars 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Budsjett per mars	Rekneskap per mars	Avvik per mars
MN-felles	3 inntekter	-3 362 800	-812 200	-617 824	-194 376
	5 lønn	1 748 200	482 200	432 148	50 052
	6-7 adk.	953 600	147 600	7 031	140 569
	8-9 annet	661 000	182 400	178 645	3 755
Totalt MN-felles		0	0	0	0
Matematisk institutt	3 inntekter	-700 000	-30 000	-173 070	143 070
	5 lønn	0	0	138 410	-138 410
	6-7 adk.	700 000	30 000	-23 047	53 047
	8-9 annet	0	0	57 706	-57 706
Totalt Matematisk institutt		0	0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	-2 279 300	-449 100	-983 142	534 042
	5 lønn	1 768 200	369 600	229 097	140 503
	6-7 adk.	353 500	37 500	447 958	-410 458
	8-9 annet	157 600	42 000	306 088	-264 088
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-13 281 200	-3 867 500	-1 567 529	-2 299 971
	5 lønn	4 521 000	1 332 000	755 461	576 539
	6-7 adk.	5 344 200	1 326 500	662 208	664 292
	8-9 annet	3 416 000	1 209 000	149 861	1 059 139
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0	0
Kjemisk institutt	3 inntekter	-2 213 300	-579 100	-791 957	212 857
	5 lønn	584 300	166 200	222 753	-56 553
	6-7 adk.	310 000	52 900	280 440	-227 540
	8-9 annet	1 319 000	360 000	288 764	71 236
Totalt Kjemisk institutt		0	0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-12 432 000	-2 323 000	-2 188 394	-134 606
	5 lønn	5 930 000	1 754 000	1 880 053	-126 053
	6-7 adk.	5 336 800	515 000	347 794	167 206
	8-9 annet	1 165 200	54 000	-39 453	93 453
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-13 075 800	-1 921 400	-909 835	-1 011 565
	5 lønn	1 446 000	460 800	367 825	92 975
	6-7 adk.	11 542 300	1 415 600	562 687	852 913
	8-9 annet	87 500	45 000	-20 677	65 677
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-41 000 000	-7 141 300	-8 456 467	1 315 167
	5 lønn	16 900 000	3 751 000	3 610 960	140 040
	6-7 adk.	15 600 000	1 561 300	2 726 811	-1 165 511
	8-9 annet	8 500 000	1 829 000	2 118 696	-289 696
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-11 655 600	-2 477 800	-1 601 595	-876 205
	5 lønn	3 031 600	788 500	794 617	-6 117
	6-7 adk.	4 104 600	1 088 700	649 427	439 273
	8-9 annet	4 519 400	600 600	157 551	443 049
Totalt Institutt for biologi		0	0	0	0
Senter for klimadynamikk	6-7 adk.	0	0	0	0
Totalt Senter for klimadynamikk		0	0	0	0
Totalsum		0	0	0	0

EU, budsjett og rekneskap pr. mars 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Budsjett per mars	Rekneskap per mars	Avvik per mars
MN-felles	3 inntekter	4 315 600	0	0	0
	6-7 adk.	-4 315 600	0	0	0
Totalt MN-felles		0	0	0	0
Matematisk institutt	3 inntekter	0	0	-204 963	204 963
	5 lønn	0	0	170 802	-170 802
	8-9 annet	0	0	34 160	-34 160
Totalt Matematisk institutt		0	0	0	0
Institutt for informatikk	3 inntekter	-6 385 500	-2 038 100	-1 643 634	-394 466
	5 lønn	4 475 900	1 392 600	1 060 751	331 849
	6-7 adk.	235 000	50 000	168 869	-118 869
	8-9 annet	1 674 600	595 500	414 014	181 486
Totalt Institutt for informatikk		0	0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-3 000 000	-834 900	-516 964	-317 936
	5 lønn	778 000	207 000	243 937	-36 937
	6-7 adk.	1 227 000	306 900	112 727	194 173
	8-9 annet	995 000	321 000	160 301	160 699
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0	0
Kjemisk institutt	3 inntekter	-1 571 000	-549 500	-540 241	-9 259
	5 lønn	1 229 000	461 100	491 896	-30 796
	6-7 adk.	290 000	69 400	25 172	44 228
	8-9 annet	52 000	19 000	23 174	-4 174
Totalt Kjemisk institutt		0	0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-250 000	0	-17 627	17 627
	5 lønn	153 000	0	1 911	-1 911
	6-7 adk.	97 000	0	14 114	-14 114
	8-9 annet	0	0	1 602	-1 602
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-7 293 400	-1 945 700	-1 951 592	5 892
	5 lønn	4 264 400	1 210 500	1 055 774	154 726
	6-7 adk.	1 041 500	214 300	154 788	59 512
	8-9 annet	1 987 500	520 900	741 030	-220 130
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	-4 000 000	-788 000	-1 046 937	258 937
	5 lønn	1 780 000	393 000	641 570	-248 570
	6-7 adk.	1 370 000	197 000	78 440	118 560
	8-9 annet	850 000	198 000	326 927	-128 927
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-6 815 700	-1 835 800	134 238	-1 970 038
	5 lønn	1 873 500	467 900	252 613	215 287
	6-7 adk.	1 750 000	343 000	78 625	264 375
	8-9 annet	3 192 200	1 024 900	-465 476	1 490 376
Totalt Institutt for biologi		0	0	0	0
Total sum		0	0	0	0

Oppdrag, budsjett og rekneskap pr. mars 2014

Ansvarsstad	Artsklasse	Årsbudsjett 2014	Budsjett per mars	Rekneskap per mars	Avvik per mars
MN-felles	3 inntekter	1 760 400	0	0	0
	6-7 adk.	-1 760 400	0	0	0
Totalt MN-felles		0	0	0	0
Institutt for fysikk og teknologi	3 inntekter	-1 190 000	-312 900	-348 786	35 886
	5 lønn	566 000	153 000	155 921	-2 921
	6-7 adk.	400 000	99 900	129 401	-29 501
	8-9 annet	224 000	60 000	63 463	-3 463
Totalt Institutt for fysikk og teknologi		0	0	0	0
Molekylærbiologisk institutt	3 inntekter	-225 000	-50 000	-61 373	11 373
	6-7 adk.	225 000	50 000	61 279	-11 279
	8-9 annet	0	0	94	-94
Totalt Molekylærbiologisk institutt		0	0	0	0
Geofysisk institutt	3 inntekter	-1 305 400	-255 900	-3 053	-252 847
	6-7 adk.	1 305 400	255 900	3 053	252 847
Totalt Geofysisk institutt		0	0	0	0
Institutt for geovitenskap	3 inntekter	0	0	-37 800	37 800
	5 lønn	0	0	3 244	-3 244
	6-7 adk.	0	0	33 259	-33 259
	8-9 annet	0	0	1 298	-1 298
Totalt Institutt for geovitenskap		0	0	0	0
Institutt for biologi	3 inntekter	-3 040 000	-539 800	-354 294	-185 506
	5 lønn	28 000	28 000	29 203	-1 203
	6-7 adk.	3 000 000	499 800	309 610	190 190
	8-9 annet	12 000	12 000	15 481	-3 481
Totalt Institutt for biologi		0	0	0	0
Totalsum		0	0	0	0